



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3966 - 18/33779

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
19.11.2018

Avslag på søknad om midlertidig brukstillatelse - gbnr 123/146 Risa

Administrativt vedtak. Saknr: 612/18

Tiltakshavar: Bolig & Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Bolig og Eiendom AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 21-10 3. avsnitt

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om mellombels bruksløyve for oppføring av tomannsbustad på gbnr 123/146.

Det vert vist til søknad motteken 15.10.18 og supplert 12.11.18.

Planstatus

Reguleringsplan for Rissundet, planid 1263-28091977.

VURDERING:

I PBL §21-10 står det at «når det gjenstår mindre vesentleg arbeid og kommunen finner det ubetenkelig, kan det utstedes midlertidig brukstillatelse for hele eller deler av tiltaket».

Av gjenståande arbeid er det opplyst at det ikkje er ført om autovern. Kommunen kommuniserte på e-post den 08.11.18 at manglande autovern må vurderast som manglande sikringstiltak og soleis ikkje kan betraktast som «mindre vesentleg arbeid». 12.11.18 vart det sendt inn supplerande informasjon om at det er satt opp mellombels anleggsgjerde.

Kommunen kan ikkje sjå at eit anleggsgjerde slik det går fram av vedlagte bilete motteke 12.11.18 utgjer noko forskjell som sikringstiltak. Kommunen må legge til grunn dei vurderingane som vart gjort ved søknad og godkjenning av tiltaket. Det vart gitt dispensasjon for byggegrense mot veg i forbindelse med søknad om oppføring av tomannsbustad. Sikringstiltaket som vart sett krav om var at det skulle settast opp autovern.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Føresetnadene for tiltaket har ikkje endra seg sidan tiltaket vart godkjent og vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å endre på desse vurderingane.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert søknad om mellombels bruksløyve avslått. Krava til å gje mellombels bruksløyve er ikkje stetta då arbeida som gjenstår ikkje kan vurderast som «mindre vesentleg».

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3966

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bolig & Eiendom AS
Bolig og Eiendom AS

Stølen 26
Stølen 26

5911
5291

ALVERSUND
VALESTRANDSFOSSEN